



Vår dato: 14.05.2013

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

HØRINGSFRÅSEGN FRÅ AUST-TELEMARK VASSOMRÅDE PÅ SJU OMSØKTE SMÅKRAFTVERK I TINN OG NOTODDEN KOMMUNAR

Det er søkt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om konsesjon for bygging og drift av sju småkraftverk innafor Aust-Telemark vassområde; Ramsåe kraftverk, Vesleåe kraftverk, Gjerdøla kraftverk, Husevollåe kraftverk, Kvitåe kraftverk, Haukedalsåa kraftverk og Bergåa kraftverk, der dei fem første vil bli lokalisert i Tinn kommune og dei to siste i Notodden kommune. NVE har sendt søknadene på høyring med høyringsfrist 15. mai.

Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde handsama søknadene for dei sju omsøkte småkraftverka i møte 08.05.13. Styringsgruppa vedtok å sende følgjande fråsegn til høyringa:

Fråføring av vatn i dei omsøkte kraftverka vil få konsekvensar både for økologi og brukarinteresser i vassdraga. For å unngå at økologisk tilstand i vassdraga blir dårlegare enn "god tilstand" i samsvar med § 12 i vassforskrifta, er det truleg naudsynt med betydelege større minstevassføringer enn planlagt.

Styringsgruppa for Aust-Telemark vassområde viser til at det er auka interesse for utbygging av småkraftverk i regionen, og vil følgje denne utviklinga kritisk framover. Styringsgruppa ser eit spesielt anvar for at utbyggingar av småkraftverk i vassområdet blir vurdert i ein større samanheng, og at også tidlegare reguleringar i regionen blir med i denne vurderinga for ei heilskapleg vassforvaltning i tråd med vassforskrifta.

Bakgrunn

EUs rammedirektiv for vatn vart innført i Noreg gjennom vassforskrifta i 2007. Arbeidet etter vassforskrifta skal fremje ei heilskapleg vassforvaltning med utgangspunkt i den økologiske tilstanden i ferskvatn og kystområde. Standard miljømål for vassforekomstane om "god

økologisk og kjemisk tilstand” skal vera nådd innan 2021. Vassforskrifta opnar likevel for tilpassa løysingar for den enkelte vassforekomst, både gjennom utsetjingar for å nå miljømåla, varige unntak og at vassforekomstar med samfunnsnyttige inngrep kan bli utpeika til sterkt modifiserte vassforekomstar (SMVF) med eigne, tilpassa miljømål.

I tillegg til økologiske og kjemiske miljømål, skal det i arbeidet etter vassforskrifta i følge nasjonalt vegleiingsmateriell og vedteke planprogram for forvaltningsplan for vannregion Vest-Viken, også takast omsyn til brukarinteresser.

Vassforskrifta § 12 opnar for at ny aktivitet eller nye inngrep kan gjennomførast i ein vassforekomst sjølv om dette medfører at tilstanden blir forringa, m.a. når dette er grunna i ny bærekraftig aktivitet. Miljøtilstanden må ikkje bli dårlegare enn ”god” ved tiltaket. I tillegg må samfunnsnyttan av dei nye inngrepa vera større enn tapet av miljøkvalitet.

Fakta

Aust-Telemark vassområde tilhøyrer Vest-Viken vassregion, og arbeider for å gjennomføre vassforskrifta på lokalt nivå. Arbeidet etter vassforskrifta skal munne ut i ein regional forvaltningsplan med tiltaksprogram for å nå standard miljømål om god økologisk og kjemisk tilstand i vassforekomstane innan 2021.

Vassdragsmiljøet i vassområdet er sterkt prega av vassdragsutbyggingar, og hovudutfordringa for eit godt vassdragsmiljø er tørrlagte elver og magasin med store reguleringshøgder. Mange av vassforekomstane med inngrep på grunn av kraftproduksjon er kandidatar til sterkt modifiserte vassforekomstar (SMVF) og vil truleg få eigne, mindre strenge miljømål i forvaltningsplanen.

I alle dei omsøkte utbyggingane er det planlagt å sleppe minstevassføring i elvestrekningane mellom tunnelinntak og kraftverk. I vårflaumen og i spreidde periodar elles i sommarhalvåret vil vassføringa vera mykje større enn maksimum slukeevne for kraftstasjonen. I slike korte periodar kan vassdraget få ei vassføring opp mot naturtilstanden, men mesteparten av sommarhalvåret vil slukeevna til kraftverket vera større enn vasstilgangen. I desse periodane vil pålegg om minstevassføringar redusere produksjonen og gå direkte av overskottet.

Vurderingar

Vassdragsmiljø:

Forutan Kvitåe kraftverk som har ei planlagt minstevassføring på 300 l/s om sommaren og 50 l/s resten av året, opererer dei andre omsøkte kraftverka med beskjedne minstevassføringar.

For å tilfredsstille kravet i vassforskrifta § 12 om at ny aktivitet ikkje skal føre til at økologisk tilstand i vassdraga blir dårlegare enn ”god tilstand”, er det naudsynt med større minstevassføring enn det er lagt opp til i søknadene.

Brukarmål

Sjølv om det i Kvitåe er planlagt ei minstevassføring som vil ivareta vassmiljøet i større grad enn i dei andre omsøkte kraftverka, vil denne utbygginga vera svært negativ for lokalsamfunn og reiseliv da dette er eit viktig landskapselement i Vestfjorddalen. Fossen blir også bruka mykje til isklattring, og ei utbygging kan vera negativ for desse brukarinteressene.

Konsekvensar av utbygginga på iskvalitet m.m. er så langt ikkje undersøkt.

Likeins blir fossefalla i nedre delar av Haukedalsåa og Bergåa trekt fram som viktige landskapselement ved ferdsel langs Fv 36 eller på Tinnsjø, og at fossefall på strekninga er med på å gjera reiseopplevinga meir interessant både for turistar og lokalbefolkninga.


Vidare er det meldt om brukarinteresser i form av rekreasjon, fiske, bading i Vesleåe, samtidig som elva er eit viktig landskapselement og ein trivelsesfaktor for lokalbefolkninga i Gauset. Området med Husvollåe blir bruka som turområde for lokalbefolkninga i Atrå, samtidig som elva er reservedrikkekjelde for kommunen.

Samfunnsnytte

I følgje §12 i vassforskrifta kan ny aktivitet tillatast dersom samfunnsnyttan er større enn konsekvensane for vassdragsmiljøet, forutsett at økologisk tilstand ikkje blir forringa meir enn til "god tilstand". Samla middel årsproduksjon for dei sju omsøkte kraftverka er rekna til 70 GWh (62 GWh for alternativ 2 for Kvitåe og Bergåe), som tilsvarar årleg energiforbruk til ca 1375 norske innbyggjarar i følgje OED sin fakta-rapport "Energi- og vannressurser i Norge 2013". (Totalt energiforbruket til hushaldningar, offentlege bygg, industri og næringar fordelt på antal innbyggjarar).

Det kan vera vanskeleg å vurdere samfunnsnyttan av vassdragsinngrep opp mot skadene for vassdragsmiljøet. Fordi dei omsøkte småkraftverka kjem i tillegg til alle tidlegare utbyggingar i området, vil dei få større konsekvensar for vassmiljø og landskap enn det som går fram av konsekvensvurderingane som er gjort for kvart av prosjekta. Vi vil også minne om at alle elveløp, inkludert bekkeløp er vurdert som "nær trua" (NT) i norsk rødliste for naturtypar.

Venleg helsing



Eivind Tov Ørnes
nestleiar for styringsgruppa
Aust-Telemark vassområde